



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Øystein Marås

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/193 - 15/3813

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
08.04.2015

Søknad om skadefelling ravn/kråke - Avgjerde

Delegasjonssak nr.: 102/2015

Viser til din søknad om skadefelling av ravn som tar lam, mottatt 8/4/2015.

Det er søkt om å få ta ut ravn som tek lam på gbnr 89/2 og 3 på Kvamme i Radøy.

Søknaden skal handsamast etter *Forskrift om skadefelling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon FOR 1997-09-01 nr. 1000*.

Det er eit krav at skaden har skjedd før ein kan gje løyve til skadefelling. På Kvamme har dei i år mista 7 lam så langt og i fjord mista dei 9 til ravn/kråke. Eit slikt tap av lam er ein vesentleg økonomisk og kjenselevart tap.

Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredningsprinsippet for å hindre eller begrense skade, og skal ikkje brukast som eit bestandsregulerande verkemedel. Jaktida for ravn er 10.08 til 28.02/29.02 i vår del av landet og bestandene av ravn bør vere moglig å kontrollere med regulær jakt. Det har i 2015 vorte forsøkt skremme tiltak og flytting av sauene for å få bokt med problemet, utan hell.

Landbrukskontoret ventar at grunneigarene, som har problem med tap av lam til ravn, gjer grep komande jaktsesong og reduserer bestanden av ravn /kråke lokalt for å unngå gjentagelse av skaden i 2016.

Vedtak:

Landbrukskontoret gjev Øystein Marås løyve til å felle totalt 15 ravn på beite kor dei tar sau. Det skal ikkje skytas meir enn 2 fuglar i døgnet. Det skal prioriteras å ta ut skadegjerende individ der skaden er størst. Løyve gjeld fram til 10. mai 2015.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som mogleg, og innan 20. mai 2015.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvaast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Toril Marie Mulen
leiar

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Øystein Marås